

## **Forhandlingsmøte 25.11.2016 i samband med 3. gongs offentleg høyring av kommuneplanens arealdel i Flora kommune, Del 2**

### **Møtestad og tid:**

Videorom i Leikanger, Førde og Flora. Telefonlinje frå Bergen. Kl. 08.00-09.00

### **Tilstade:**

Flora kommune: Jan Henrik Nygård og Anders Espeset

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Jenny Følling (ordstyrar), Eva Moberg, Synnøve Svalheim og Birgit Tansøy (referent)

### **Bakgrunn**

Den 25.11.2016 vart det gjennomført forhandlingsmøte i samband med 3. gongs offentleg høyring av kommuneplanens arealdel i Flora kommune. Dei første forhandlingane vart gjennomført den 14.11.2016 i Florø (jfr referat datert 16.11.2016), men fordi vi ikkje fekk ei endeleg avklaring vart det bestemt å halde del 2 av forhandlingane den 25.11.2016.

Det var meiningsa at forhandlingane skulle skje gjennom videomøte, men på grunn av tekniske problem fekk vi ikkje til videooverføringer mellom fylkeskommunen og Flora kommune. Forhandlingane vart derfor halde gjennom telefonlinjer. Lyden var god.

### **Forhandling**

**Nygård** starta forhandlingane med å seie at grensejusteringane for omsynssona ved Stakalleneset, slik grunneigar la fram den 14.11.16, var greitt for kommunen. Når det gjaldt Årebrot ved Kvalvikneset ville kommunen behalde grensa for FB32 hyttefelt slik den er vist på 3. gongs offentleg høyringa. Vidare var kommunen ikkje innstilt på å justere SPB62, fordi den alle reie var blitt justert av Fylkesmannen i samband med meklingar. Vidare sa Nygård at kommunen var innstilt på å ta inn igjen Campinpllass C2 ved Årebrot i Villevika slik den var lagt fram ved 1. gongs høyringa.

Vidare sa Nygård at kommunen hadde vurdert om det var andre eigna plassar for hyttefelt på Årebrot, men det meinte dei at det ikkje var. Hyttebygging på Årebrot må, i følgje kommunen, skje på nedsida av vegen. Kommunen presiserte at det på oppsida av vegen er fleire område med rasfare.

**Espeset** presiserte at for Årebrot i Villevika ynskjer kommunen å ta inn igjen Campingpllass C2 slik den låg inne frå 1. gongs høyringa.

**Følling** spurte om alt dette som var lagt fram av kommunen til no var forhandlingsutgangspunktet.

**Nygård** og **Espeset** svarte ja på det, og sa det var eit sterkt politisk ønskje i kommunen.

Det vart snakka litt kring prosessen om forhandlingar kontra mekling. Følling presiserte at dette er vårt forhandlingsmøte. Vi vart samde om at dersom vi kom fram til ei løysing, er det ikkje behov for mekling med Fylkesmannen seinare.

**Følling** la fram fylkeskommunen sitt forhandlingsutgangspunkt. Ho sa at justeringa av omsynssonegrensa kring steinbrotet på Stakalleneset, slik vi fekk presentert den 14.11.2016, kan fylkeskommunen akseptere. Vidare sa ho at SPB62 òg kan aksepterast dersom kommunen trekk grensa for SPB vekk frå gravrøysa, og gir gravrøysa omsynssone slik som det vart avklart på dialogmøte etter 2. gongs høyringa den 04.05.2016 (jfr Flora kommune sitt møtereferat). Når det gjeld hyttefeltet FB32 Kvalvikneset i Årebrot vil fylkeskommunen oppretthalde motsegna slik hyttefeltet er langt inn i planforslaget til 3. gongs offentleg høyring. Følling argumenterte med at eit nytt hyttefelt i dette området der det ligg gravrøyser vil skaffe presedens. Vidare sa ho at det vil skape eit press i området for å kunne utvide hyttefeltet seinare. Men ho la til at fylkeskommunen kunne vere villege til å imøtekommne kommunen dersom det var aktuelt med grensejusteringar av hyttefeltet, tunet kunne til dømes takast ut av feltet.

**Nygård** sa til dette at kommunen er samde med fylkeskommunen om Stakalleneset. Men når det gjeld dei to andre punkta har ikkje dei mandat til å gå vidare og dermed har kommunen ingen ting meir å gje i forhandlinga.

Når det gjaldt forslaget om å ta ut tunet frå FB32 meinte kommunen at det var dumt å ta det ut dersom eigarane ynskte å bygge om/på.

**Følling** presiserte at dersom det ikkje var vilje i kommunen til å sjå vekk frå campingplass på Villavika i Årebrot, var det ingen ting å forhandle om på Kvalvikneset og motsegna vert ståande.

Kommunen fekk frist til å bestemme seg endeleg til måndag 28.11.2016. kl 12.00. Administrasjonen i fylkeskommunen førebur motsegn til Fylkesutvalet den 5. desember. Frist til å levere den politiske saka er måndag 28.11.2016.

Heilt til slutt gjekk vi gjennom eit par punkt i referatet etter 14.11 (Del 1) forhandlingane. Fylkeskommunen meiner at setninga merka med raudt må ut. Dialogmøtet den 04.05.2016 var ikkje ei forhandling, men eit dialogmøte. (Derfor må andre setninga i neste avsnitt endrast til: « I dette brevet vart det òg presisert at det ikkje er gjennomført *forhandlingar* i forkant av 2. gongs høyring.»)

Flora kommune gjekk med på å ta den raude setninga ut frå referatet.

**Flora kommune** kom med endeleg tilbakemelding same dag, etter forhandlingsmøtet:

*"Når det gjeld forhandlingsmøte i dag 25.11.16, så skulle Flora kommune komme tilbake med avklaring på vårt standpunkt (seinast måndag).*

*Avklaring er allereie gjort:*

1. *Flora kommune står fast på at FB32 er ønskt slik det ligg til framlegg i 3.høyring.*
2. *Campingplass C2 er ønskt tatt inn igjen slik den låg føre i 1.høyring.*

*Dette er det politisk semje om og vil bli lagt fram til vedtak før jul.*

*Pga fleire motsegner til planen også frå Fylkesmannen har Flora kommune tatt kontakt med Fylkesmannen for å bestille tid for mekling så tidleg som mogeleg i 2017.*